Førsteblad /

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 — Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Bø.

Emne: Rauning — Bygdelag:

Oppskr. av: Olav Nordbø. — Gard: Nordbø.

(adresse): Bø Telemark. — G.nr. 54 Br.nr. 8 og 10.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røynsle og oppskr.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Dei brukar ennå å rauna, serleg i vår og tørkesumarar. Det er inga stor brigde. Men før i tida rauna dei nok meir enn dei gjer nå.

A.

1. Dei rauna nok under båe dei siste verdskrigane og elles, og når det er fôrløysa. Mest raunar dei oppe i liane.

Dei rauna oftest i juli og august. Det var ikkje bra å rauna føre jonsok. Dei kallar det rauning, å rauna.

Dei tok ask, osp, raun, bjørk og or.

Dei hogg ned med øks, og hogg av kvistar med raunekniv, Bruka au stjørre

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1613

Dei brukte minder å reispe med handa. Kunn åt kvistane når dei ikkje var alt for tykke. Dei kunne og nytte ljåbrot og karse kvist med.
Lauvkniven var ofte krokut ytst i enden. Så kunne dei få tak i kvistane og bøygje dei ned.



4.

Dei hadde nagg og klosa med tre og nagg av kvist.
Dei hadde nisse tre som dei kylde av og til når kvistane hadde vakse ut.
Desse trea var verdfulle.
Dei laut vera over manns-høgde når ein kylde dei.
Dei rekna med dei til gardi.

5.

Dei tørka ofte lauvet på bakke-brudda slik ut over.
Dei laga au kjervar som dei batt i hop som kornband og dei stakk dei ofte på stakar. Dei hengde au kjervar opp i tre.
Lauvet skulle helst bli tørka i skugge og ikkje bli tørka for hardt.
Dei hesja lauvet og sette det i stakk og,

1613

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II

gleut som dei gjorde med
tråg og halm.
Dei las eit underlag so ikkji
kjervane skulle på jord-
slag og rotne (Då gjorde
dei med moseknippane og)
Dei la toppen på kjer-
vane mot midten, mot
sneisa.
Oppå la dei ei jordtorve.
Dei la ofte stengar og røter
inn på stokken.
Dei rekna ofte launskjer-
vane i tjug.

6

Var det lang veg køyrde
dei kjervane heim på
vinterføret. Mange stader
laut dei da bruke truge
på hesten så han kunne
gå oppå snøen.
Om hausten kunne dei kjøre
på treneslea.
Dei drog au launskjervar
heim på dragarkjelke
(dragarsleda) om vinteren.
Dei gamle bruka au dregnad.

7.

Dei launa både i utmark
og innmark: Karar og
kvinde arbeide oftast ikkje
med å launne.

1613
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Somme la lauvskjervane på
rindi (stokkar som var lagt
over ~~høyet i høyrom og gjenn~~
låven). Dei la dei au
i skykkja (: sidetillbygg
til løda)
Dei gav lauv vanleg 1 gang
om dagen. Men ikkje seini
enn 1 kyre.
Alle dyr fekk lauv: ku, sau,
geit, hest.
Dei meinte asp og rogn å
vera godt for. Osp au var
bra. Grisen fekk au lauv.
Borna var ofte med og
lauva. Eg har sålis vore
med nokre ganger.
Dei nytte au ask og bjørk.
B.
Dei hakka lauvet torka og
rakka det ihop. Det var alle slag
lauv. Dei bruka hånd og
rive.
Dei bar i sekk og kjipe, køyrde au.
Kvinde var mykje med.
Kyrne lika lauv.
I det siste har mange
teke til å skjera opp og
kvarne lauvskjervar
på hakkelsmaskin.
Kvist åt kjyrane oftast
bare. Det kunde au lauv
bli blanda i sorpe og i
høy.

1613
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING